



Hopland Bygg AS  
Vestre Vardane 43  
5306 ERDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/239 - 14/1214

Saksbehandlar:  
Roald Kvingedal  
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
14.03.2014

## Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve - Oppføring av fritidsbustad - gnr 50/128, Stordalshammaren

Delegeringssak:

### Vedtak

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til § 20-1 plan - og bygningslova og godkjenner søknad om oppføring av fritidsbustad gnr 50 bnr 128, Stordalshammaren. Søknad med vedlegg mottatt 17.02.2014 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Det skal gjevas ferdigattest på avlaupsrenseanlegget før det vert gjeve ferdigattest på tiltaket.**
- **Før det vert gjeve ferdigattest på hytta, skal det ligge føre godkjenning frå Mattilsynet på vassforsyningssystemet.**
- **Koordinatorar for innmålt bygg må sendast til kommunen før ferdigmelding av tiltaket.**
- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.**

### Grunngjeving:

**Søknaden er i trå med reguleringsplan Stordalshammaren.**

Ansvarlege føretak skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk samt godkjente kontrollplanar. Arbeid må ikkje utførast utover det som er omfatta av igangsettingsløyvet.

Plan- og bygningstyresmaktene legg til grunn at ansvarleg søker formidlar aktuelle krav vidare til

utførande føretak.

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) §§ 23-4 til 23-6 vert søknad om ansvarsrett med funksjonar og ansvarsområde som skildra under avsnittet «Ansvar og kontroll» godkjent  
Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

**Hopland Bygg AS, 5306 Erdal**, vert godkjend som ansvarleg SØK for tiltaket.

**Hopland Bygg AS, 5306 Erdal**, vert godkjent som ansvarleg PRO for plassering og trearbeid, og UTF for plassering og trearbeid.

**Entr. Ansgar Birkeland as, 5986 Hosteland**, vert godkjend som ansvarleg PRO og UTF for, grunn/terreng arbeid.

**Entreprenør Gerhardsen, 5310 Hauglandshella**, vert godkjend som ansvarleg PRO og UTF for betong og pipe.

**Andersen &son as, 5323 Kleppestø**, vert godkjend som ansvarleg PRO og UTF for utvendig og innvendig rørlegging.

**Murmester Petter Pettersen as, 5146 Fyllingsdalen**, vert godkjent som PRO og UTF for våtrom.

**Heimel:**

**§ 20-1 Plan og bygningslova.**

FØRESEGNER TIL DETALJREGULERING FOR STORDALSHAMMAREN

**Gebyr:**

**Gebyrregulativet**

**Klagerett.**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Terje Kallekleiv

Roald Kvingedal

Teknisk sjef

avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

